

– Måtte ha meg ein MG før døden

Då Britt Marie Sørensen vart sjuk, skaffa ho seg ein MG. Ein Midget 1969-modell susar i desse dagar frå Hemsedal via Stalheim til Geilo.

BERNT IVAR BERGUM
bib@hallingdolen.no

Regnet prellar for det meste av på den blankpolerte lakken. 85 bilar er med på årets Norwegian Sports Car Rally, som har start frå Skogstad Hotell i Hemsedal. Britt Marie Sørensen tek plass i ein knøttliten, raud MG Midget, med koffert på bagasjelokket. – Eg måtte ha meg ein MG for eg døydde, seier ho.

Frisk med frisk bil

Det er ikkje spøk, for ho har vore alvorleg sjuk. Barndomsminnet med ein far bak rattet på ein MG sat så sterkt i at ho sjølv også ville oppleve det.

No er ikkje sjukdommen like trugande lenger, så døden er ikkje tema på same måte. Ho set seg inn i den tronge bilen, som ikkje ein gong har sikkerhetsbelte, saman med kartlesar Grethe Vittersø.

– Eg har nok ikkje den same lidenskapen for bilar, men eg har sansen for ein god tur, og dette er eit godt planlagt opplegg, seier Vittersø.

På tur for 24. gong

Roy Råge er ein av initiativtakane. Han er med på turen for 24. gong og har akkurat starta opp det som truleg er den eldste doningen i følget. Den 65 år gamle MG TD Midget'en har vore i hans eige i 40 år.

– Den er som eit barn for meg, min første MG av i alt tre, seier han og tek på ein stor køyrefrakk. Utan sidevindauge og med berre tekstiltak kan det bli friskt over fjellet. Kona Ise Dedekam er ikkje snauare. Det blir frakk, og pels i halsen.

Alle kan vere med

Bjørn og Jorun Tronrud er med for første gong, og representerer dei som ikkje har bil av den britiske sportsbilprodusenten MG. Dei køyrer VW boble, med ein 2-litersmotor. Ein og annan Porsche-del gjer at bobla yter 120 hestar.

– Det var svogeren min som overtalte oss om å bli med, seier Bjørn og peikar på ein mekanikar som kjem ut av ein pensjonert NAF-Volvo.

Roger Øverli viser seg å vere ein viktig kar for mange. Enkelte bilar blir ikkje brukt dagleg, og dermed oppstår problem. No står han med ein drill for å opne bagasjelokket på bilen til Tore Kleve.

– Den har gått knirkefritt i alle år, til no, seier Kleve. Det var Erling Storm som i si tid overtalte han om å bli med i MG-miljøet. Ein gong i året samlar dei seg, og dreg på tur i lag. I år går turen frå



MG – FOR LIFE: Britt Marie Sørensen (t.h.) trer seg inn i ein MG Midget frå 1969, saman med kartlesar og turkamerat Grethe Vittersø. For Britt Marie var bilen nokke ha før ho skulle døy.

Hemsedal, via Lærdal og Stalheim før dei laurdag hamnar på Geilo.

– Det er ulike ruter kvart år, men det er alltid andre helga i juni, seier Tove Rygh Johansen, også ho ein av arrangørane.

Folk kjem frå helle landet for å vere med. Både Bergen, Stavanger og til og med Sverige er representert i år. Geir Eidsgaard har aner på Gol, men bur sjølv i Oslo. Han tek plass i ein 13 år gamal BMW Z4.

– Du har gitt opp MG'en?

– Eg er kome i komfortalderen. Grå hår, seier han og peikar mot hovudet.

– Denne er meir moderne, men det er same konseptet. Bakhjulsdriфт og stoff-kalesje, seier han og durar etter dei andre.



TRONG OG KALD: – Bilen har ein preventiv effekt på vektauke, seier Roy Råge. Ved sida sitt kona Ise Dedekam.



KOMFORT: Geir Eidsgaard er kome i komfortalderen og har bytta ut ein MG med ein BMW Z4 frå 2004.



ROM FOR ALLE: Bjørn Tronrud og Jorun Tronrud er med for første gong, med ein VW boble, med ein 2L motor som gir 120 HK.